



Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/339 - 16/11657

Saksbehandlar:
Eileen M Feste
EMF@lindas.kommune.no

Dato:
11.05.2016

AVVIKLING AV SAMLELEGAT FOR LINDÅS KOMMUNE

Vedlegg: Stiftelsestilsynet: Hjelpeskjema som skal leggest ved søknad om oppheving/avvikling av stiftelse.

Bakgrunn

Lindås kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 63/15 ««Etablering av Lindås kulturminnefond»»;

5. Rådmannen får fullmakt til å søkja Stiftelsestilsynet om å få oppløyse Samlelegat for Lindås kommune. Midlane på kr 550.000 (+ avkastning 2015) skal tilførast kulturminnefondet.

I 2002 vedtok Lindås kommunestyret å slå saman 5 legat med ulik alder og ulik storleik. Dette var legat som vart overført frå tidligare Hamre og Alversund herad, men som ikkje hadde vorte gjort noko med på fleire år. Det nye legatet fekk namnet «Samlelegat for Lindås kommune». Legatet har følgjande føremål;

Styret kan kvart år dele ut fire femdelar av renteinntektene til desse føremåla;

- Til familiar i Lindås som på grunn av ulukke, sjukdom eller andre uheldige omstende har kome i ein vanskeleg økonomisk situasjon.*
- Til personar i kommunen som innan landbruket utviklar ny næring knytt til garden*
- Til personar som arbeidar med utgjeving av bygdebøker i kommunen*

Samlelegatet hadde pr 01. mai ei saldo på kr 545.000. Avkasting for 2015 var kr 9.500. I vedtekta for legatet heite det at 4/5 delar av avkastinga kan deles ut kvart år, ca kr 7.600.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vurdering

Styret i Samlelegat for Lindås kan ikkje sjølv avvikle eller omdanne legatet, jmf Stiftelsesloven § 48. «Hvem som kan forta omdanning». Omdanning og avvikling må ein søkje Stiftelstilsynet.

I Stiftelsesloven §47 «Vilkår for omdanning; heite det at «...styret har plikt til å vurdere mindre inngripande tiltak enn oppheving...».

Alternativ 1. Avvikling av legatet

I 2002 vedtok Lindås kommunestyret å slå saman 5 legat med ulik alder og ulik storleik. Dette var legat som vart overført frå tidligare Hamre og Alversund herad, men som ikkje hadde vorte gjort noko med på fleire år. Det nye legatet fekk namnet «Samlelegat for Lindås kommune». Legatet har følgjande føremål;

Styret kan kvart år dele ut fire femdelar av renteinntektene til desse føremåla;

- *Til familiar i Lindås som på grunn av ulukke, sjukdom eller andre uheldige omstende har kome i ein vanskeleg økonomisk situasjon.*
- *Til personar i kommunen som innan landbruket utviklar ny næring knytt til garden*
- *Til personar som arbeidar med utgjeving av bygdebøker i kommunen*

Lindås kommunestyret har gjeve rådmann fullmakt til å søkje Stiftelstilsynet om avvikling av legatet. Kommunestyret ønskjer ikkje å tilføre legatet kapital. Dagens avkastning er låg (i 2015 var den kr 9.500) noko som betyr at det er lite interesse for å søkje legatet.

Alternativ 2. Vedtektsendringar

Som eit alternativ til avvikling, må styret vurdere om endringar i vedtekta kan vere aktuell. Styret må ta stilling til om ein er tent med å endre legatet frå eit avkastningslegat til ei søknadslegat.

I eit avkastningslegat som Samlelegatet, er det den årlege avkastninga på kapitalen som kan nyttas. I vedtekta for Samlelegat heite det at «4/5 delar av avkastninga kan deles ut kvart år». I 2015 vart avkastninga kr 9.500. 4/5 av dette utgjør kr 7.600. Rentenivå i Norge er låg og er forventa å halde seg låg dei næraste åra.

I eit søknadslegat vil styret avgjere fritt, eller inntil eit maks beløp som styret bestemmer, kor mykje ei søknad kan få. Eit døme er at styret kan løyve inntil kr 50.000 til søknad innan dei 3 prioriterte område.

Om ein gjer om vedtekta frå avkastning til søknadslegat, vil kapitalen reduserast. Kommunestyret har gjeve klare signal om ein ikkje ønskjer å auke kapitalen i legatet.

Styrets vurdering

Eigar av legatet, Lindås kommune, har uttrykt ønskje om at legatet vert avvikla. Kommunestyret ønskjer ikkje å utvide kapitalen i legatet. Om ein vel å gjere om endringar i vedtekta til *søknadslegat*, vil legatet verte avvikla når kapitalen i legatet er negativ.

Rådmanns forslag til vedtak:

Styret i Samlelegatet vedtek å søkje Stiftelsestilsynet om at *Samlelegat for Lindås kommune* vert avvikla.

Styret har ingen kjennskap til at det er kreditorar til buet.

Styret har følgjande framlegg til avviklingsstyret

Namn	Fødselsdato	Heimeadresse	Verv

AVVIKLING AV SAMLELEGAT FOR LINDÅS

Pkt 1

Namn/føretaksnavn: Samlelegat for Lindås kommune

Organisasjonsnummer: 984856814

Kontaktperson: Styreleiar Astrid Aarhus Byrknes (*ordfører i Lindås kommune. For tida vararepresentant til Stortinget fram til 01. juli 2016*)

Telefon: 91 38 06 88

Epost: Astrid.Byrknes@stortinget.no

Pkt. 2 Plikt til å vurdere mindre inngripande tiltak enn oppheving, jmf stiftelsesloven §47

Styret i legatet har drøfta mindre inngripande tiltak enn oppheving. Etter styrets vurdering er det 2 alternativ å vurdere.

Alternativ 1. Avvikling av legatet

Alternativ 2. Det vert gjennomført vedtektsendringar. I § 46. «Vilkår for omdanning» heite det;

«Omdanning kan foretas når en bestemmelse i vedtektene eller den rettslige disposisjonen som danner grunnlag for stiftelsen

a. ikke lar seg etterleve, for eksempel fordi stiftelses kapital er utilstrekkelig til å tilgodese dens formål på en rimelig måte»

Pkt 3. uttale frå opprettar

Lindås kommune – vedtak i sak 063/15 – «Etablering av Lindås kulturminnefond»;

5. Rådmannen får fullmakt til å søkja Stiftelsestilsynet om å få oppløyse Samlelegat for Lindås kommune. Midlane på kr 550.000 (+ avkastning 2015) skal tilførast kulturminnefondet.

Pkt 4. Vedtak frå styret , jmf Stiftelseslova § 48

Styret i Samlelegatet har vedteke;

Pkt 5. Grunngeving for oppheving, jmf Stifte

1. Avvikling av legatet

I 2002 vedtok Lindås kommunestyret å slå saman 5 legat med ulik alder og ulik storleik. Dette var legat som vart overført frå tidligare Hamre og Alversund herad, men som ikkje hadde vorte gjort noko med på fleire år. Det nye legatet fekk namnet «Samlelegat for Lindås kommune». Legatet har følgjande føremål;

Styret kan kvart år dele ut fire femdelar av renteinntektene til desse føremåla;

- Til familiar i Lindås som på grunn av ulukke, sjukdom eller andre uheldige omstende har kome i ein vanskeleg økonomisk situasjon.*

- *Til personar i kommunen som innan landbruket utviklar ny næring knytt til garden*
- *Til personar som arbeidar med utgjeving av bygdebøker i kommunen*

Lindås kommunestyret har gjeve rådmann fullmakt til å søkje Stiftelsestilsynet om avvikling av legatet. Kommunestyret ønskjer ikkje å tilføre legatet kapital. Dagens avkastning er låg (i 2015 var den kr 9.500) noko som betyr at det er lite interesse for å søkje legatet.

2. Vedtektsendringar

Det kan auke legatets aktualitet om ein gjer det om frå eit avkastningslegat til ein søknadslegat.

Styrets vurdering

Eigar av legatet, Lindås kommune, har uttrykt ønskje om at legatet vert avvikla. Kommunestyret ønskjer om å utvide kapitalen i legatet. Om ein vel å gjere om endringar i vedtekta, vil legatet verte avvikla når kapitalen i legatet er brukt opp. På bakgrunn av dette foreslår styret i Samlelegat for Lindås at legatet vert avvikla.

Pkt 6 Vedtak om bruk av resterande midlar, jmf stiftelseslova §47 andre ledd

Saldo for Samlelegat for Lindås kommune er pr 01. mai 2016 kr 541 672,75
Styret ber om at midlane vert overført «Lindås kulturminnefond». Lindås kommune har vedtatt Kulturminneplan for perioden 2011-2021. Det er denne plan som må leggjast til grunn for kva for prioriteringar Lindås kommune må ha på kulturminnefelt.

Pkt 7 Forslag til avviklingsstyre, med medlemmene sine fødselsdato, heimstadsadresse, og kven som leiar avviklingsstyret

Styret i Samlelegat for Lindås har gjort følgjande vedtak i sak 01/16

Framlegg til avviklingsstyret:

Namn	Fødselsdata	Heimstadsadresse	Verv

Pkt 8 Opplysningar om kreditorar

Styret i Samlelegat for Lindås har inga kjennskap til at det er kreditorar til buet.

